

**Ansvarleg sakshandsamar sign. for utført handling:  
Saka er godkjend av fylkesrådmannen:**

Dokumentoversyn:

Tal prenta vedlegg: \*

Tal uprenta vedlegg: \*

**Finansiering av utviding av skulekonsert**

**Fylkesrådmannen rår Vestlandsrådet til å gjere slikt vedtak:**

1. Vestlandsrådet er glad for utvidinga av skulekonsertordninga som no er planlagt.
2. Vestlandsrådet ber om at utvidinga av skulekonsertordninga må finansierast ved hjelp av friske midlar.
3. Kommunane sin eigendel må også framover gå tilbake til fylkeskommunane til styrking og utvikling av det profesjonelle musikklivet i fylka, først og fremst musikktilbodet til barn og unge.

Leiaren for Vestlandsrådet føl opp saka overfor Regjering og Storting i samband med arbeidet med Statsbudsjettet for 2006.

Prenta vedlegg:

Uprenta vedlegg:

## **Saksframstilling**

### **Samandrag:**

I samband med handsaminga av St.prp. nr. 60 (2004-2005) vedtok Stortinget at skulekonsertordninga skal utvidast til å omfatte alle kommunane som ønskjer å komme med. Den kommunale eigendelen som til no har gått attende til fylkeskommunane til styrking og utvikling av det profesjonelle musikklivet, særleg musikktilbod til barn og unge, skal etter Stortinget sitt vedtak vere med på å delfinansiere skulekonsertutvidinga. Med dette misser fylkeskommunane samla sett om lag 12 mill kroner. Fylkeskommunane på Vestlandet misser over 2 millionar.

Fylkesrådmannen rår til at leiar for Vestlandsrådet tek opp med sentrale styresmakter at utvidinga vert finansiert ved tilføring av friske midlar, og at ordninga med at den kommunale eigendelen framleis vert nytta til styrking av det profesjonelle musikklivet rundt om i heile landet.

### **Saksutgreiing:**

Skulekonsertane er eit godt innarbeidd kulturformidlingstiltak til elevane i grunnskulen i heile landet. Ikkje alle kommunane har hatt tilbodet; dels ut frå manglande kommunal prioritering, dels ut frå dei økonomiske rammene staten har stilt til disposisjon for Rikskonsertane til ordninga. Det har lenge vore eit mål at alle kommunane som ønskjer det, skulle få tilbod om å ta del i skulekonsertordninga.

Gjennom det samarbeidet som er utvikla mellom Rikskonsertane og fylkeskommunane frå slutten av 80-talet, har den summen kommunane betalar inn for å ta del i skulekonsertordninga (kr 9,- pr elev pr konsert) vorte ført tilbake til fylkeskommunane til ”styrking og utvikling av det profesjonelle musikklivet i fylket. først og fremst musikktilbudet til barn og unge.” (sitat frå samarbeidsavtale mellom Rikskonsertane og fylkeskommunane).

Ut frå denne føringa har alle fylkeskommunane nytta desse midlane frå kommunane, på landsbasis i storleik 12 mill kroner, som delfinansiering og stimulering av det profesjonelle musikklivet i heile landet, til samarbeid med det frivillige musikklivet, og formidling til barn og unge.

I St.prp. nr. 60 (2004-2005) skriv Regjeringa m.a. dette:

#### **”15.8.2 Utvidelse av skulekonsertordningen**

I St.meld. nr. 48 (2002-2003) *Kulturpolitikk fram mot 2014* legger Kultur- og kirkedepartementet opp til å utvide skulekonsertordningen slik at alle kommuner og alle grunnskoleelever kan få tilbod om skulekonsertar frå 2006, jf. Innst. S. nr. 155 (2002-2003). 21 av 24 kommuner som ennå ikke er med i ordningen, har søkt om å komme med. Utvidelsen gjennomføres ved at kommunenes egenandel i sin helhet går til skulekonsertar i regi av Rikskonsertene. Dagens ordning hvor Rikskonsertene utbetaler deler av den kommunale egenandelen til fylkeskommunene opphører. Skulekonsertar til alle grunnskoleelever vil etter dette bli finansiert med bevilgning over Kultur- og

kirkedepartementets budsjett, kapittel 323 Musikkformål, en andel av spilloverskuddet fra Norsk Tipping AS samt den kommunale egenandelen.”

Stortinget slutta seg i juni 2005 til dette.

Det gledelege er at gjennom dette får elevane i alle kommunane i landet tilbod om skulekonsertar slik det er sett som eit mål i St.meld. nr. 48 (2002-2003) *Kulturpolitikk fram mot 2014*. Dette er realiseringa av eit positivt og lenge etterlengta tilbod.

Det som uroar, er finansieringsmåten. Dagens ordning med at den kommunale eigendelen går attende til fylkeskommunane til styrking og utvikling av det profesjonelle musikklivet i fylket, først og fremst musikktilbodet til barn og unge, opphøyrer. Dette er uheldig for arbeidet med det profesjonelle musikklivet og formidlingsarbeidet overfor barn og unge.

Gjennom åra har den kommunale eigendelen vore ei sær viktig hjelp til å kunna utvikla kvaliteten på skulekonsertverksemda, til å realisera utprøving av ulike konserttypar, til forsøksverksemd for å nå nye publikumsgrupper og til å gi interessante, nyskapande og utviklande arbeidsoppgåver til profesjonelle frilansmusikarar på Vestlandet.

I tillegg til skulekonsertane si primæroppgåve og funksjon, gir verksemda også positive ringverknader gjennom si rolle som berebjeleke, nyskapar og kompetanseutviklar i det regionale musikklivet. Denne samanhengen har Rikskonsertane tidlegare vore ivrig til å peika på, og stø opp under. Vi meiner det er viktig å halde fram med å målbera desse tankane, og sjå til at det økonomiske fundamentet som må til for å realisera regionale utviklingstiltak, ikkje turkar vekk.

For fylkeskommunane i Vestlandsrådet er det med Stortinget sitt vedtak snakk om mellom 2 og 3 mill kroner som fylkeskommunane no må finne dekking for innan eige budsjett om ein ikkje skal ramme muskarordningane og formidlingsarbeidet. Det er eit paradoks at nettopp muskarordningar og formidlingsarbeidet kan bli skadelidande nettopp i ei tid der vi også snakkar om ein volumauke i produksjon og formidling då vi skal nå fleire kommunar enn tidlegare med skulekonsertane!

Den økonomiske utfordringa er ei side. Den andre sida er korleis fylkeskommunane som såkalla samarbeidspart vert handsama frå sentrale styresmakter. Det er ikkje på noko tidspunkt gitt noko orientering til fylkeskommunane som samarbeidspart om den endringa som her er gjort før Rikskonsertane i oversendingsbrev i samband med forslag til ny samarbeidsavtale, som dei einseitig har utforma, i ei bisetning seier: *”Det vedtaket Stortinget nylig har gjort om at kommunenes betaling for skulekonsertar skal inngå i finansieringsgrunnlaget for skulekonsert-ordningen, gir for øvrig grunnlag for at alle kommuner på venteliste snart vil kunne bli innlemmet i ordningen.”*

Fylkesrådmannen meiner det er grunnlag for å ta opp det som har skjedd i denne saka med Regjering og Stortinget. Målet må vere at den utvidinga av skulekonsertane som alle ønskjer skal skje, skjer ved hjelp av friske midlar, slik at den kommunale eigendelen framleis kan vere med på å styrkje og utvikle kvaliteten på skulekonsertverksemda, og dermed gi betre kvalitet på tilbodet til barn og unge i heile landet. Då kan vi også vere med på å gi interessante, nyskapande og utviklande arbeidsoppgåver til så vel profesjonelle fast tilsette frilansmusikarar på Vestlandet.

---

Vestlandsrådet  
Saksbehandlar: Ingebjørg Erikstad  
Arkivsaksnr.: 05/00067

---